

Årsmøte i Sunnfjord SV 2026

Dato: 14. januar

Tid: 19.00-22.00

Stad: Sunnfjord Hotell

Mat: Det blir servert cæsarsalat. Det er bestilt nokre porsjonar utan gluten og nokre utan kjøt. Dersom det er andre allergiar/preferansar, må de melde snarast til

frode.grimelid@pm.me.

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av ordstyrar, referent og to til å signere protokollen
3. Årsmelding frå styret 2025
4. Årsmelding frå kommunestyregruppa 2025
5. Rekneskap 2025 og budsjett for 2026
6. Arbeidsplan for 2026
7. Innkomne forslag til uttalar
8. Val av utsendingar og vara til fylkesårsmøtet 2026 (7.-8. februar)
9. Val av representant i 1.mai komitéen
10. Val av representant til 8.mars komitéen
11. Val av styre, revisorar, valnemnd, nominasjonsnemnd og programnemnd

1. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling: Innkalling og sakliste vert godkjent.

2. Val av ordstyrar, referent og to til å signere protokollen

Forslag om ordstyrar: Eldrid Skudal

Forslag om referent: Tamara Lien Nøtseth

Forslag på kven som skal signere kjem på årsmøtet.

3. Årsmelding frå styret 2025

Tillitsvalte

På årsmøtet 22. januar vart følgande styre valt:

Leiar: Hilde Iren Rivedal, valt for 1 år

Nestleiar: Åsmund Berthelsen, ikkje på val

Kasserar: Tamara Nøtseth, valt for 2 år

Sekretær: Ludvik Slettehaug, ikkje på val
Styremedlem: Maria Steimler, valt for 2 år
Styremedlem: Eldrid Skudal, ikkje på val
Vara 1: Ole Fosse Fardal, ikkje på val
Vara 2: Kjersti Følling Slettemark, valt for 2 år

Endringar etter ekstraordinært årsmøte 23. april:

Leiar: Frode Grimelid
Vara 3: Sigbjørn Løland Torpe

Medlemstal

Sunnfjord SV hadde 78 medlemmar ved utgangen av 2025. Talet medlemmar har halde seg ganske stabilt over tid. Vi hadde åtte innmeldingar i løpet av året, som om lag veg opp for dei som har forlate oss av ulike årsaker. Det vart ringt til alle medlemmar som ikkje hadde betalt medlemskapen i desember.

Møteverksemd

Året starta godt med fleire opne møte og politikk på ein onsdag. Etter ekstraordinært årsmøte med skifte av leiar, gjekk styret inn i valkampmodus. På hausten har det også vore arrangert nokre møte. Kommunestyregruppa sitt ope medlemsmøte om skulestruktur og kommuneøkonomi vart godt besøkt av medlemmar. I tillegg fekk vi til eit regionalt møte i samarbeid med Sogndal og Vestland SV om psykisk helse og helseføretaka. Her stod eitt av våre nye medlemmar for både initiativ og gjennomføring.

- 7. januar: Ope møte om skule
- 15. januar: Ope møte om barnehage
- 22. januar: Årsmøte
- 5. mars: Politikk på ein onsdag: Kva tenker SV om barnehage- og skuleplanane?
- 2. april: Politikk på ein onsdag: Vi snakka om mobbing.
- 23. april: Ekstraordinært årsmøte
- 7. juni: Valkampkonferanse for Sogn og Fjordane i Førde
- 17. juni: Kommunøkonomi
- 24. juni: Raud pub med planlegging av valkampen på Pikant
- 28. juni: Pride - deltok med stand og sponsa arrangementet
- 13. august: Gatefest med Kirsti og Hege
- 8. september: Valvake - Sunnfjord SV var godt representert
- 28. september: Styreskulering med Vestland SV
- 11. november: Utvida gruppemøte. Skule- og barnehage som hovudsaker. Godt oppmøte frå medlemmer.
- 15. november: Politikk på ein laurdag: Psykisk helse og framtida til lokalsjukehusa
- 15. november: Raud pub - ope møte (Røyst)
- 3. desember: Bli med på å lage eit betre budsjett

Økonomi

Det var budsjetttert med underskott i år, slik vi ofte gjer i valkampår. Resultatet vert likevel eit lite overskott. Det vert lagt fram eiga sak på budsjett og rekneskap. Sunnfjord SV har gitt

20.000 i gave til Naturvernforbundet i samband med fjordsaka, og ei minnegåve ved bortgangen til Jakob Thingnes Vi har støtta 8. mars-arrangementet og Pride økonomisk.

Politisk arbeid

Det kjem eiga årsmelding frå kommunestyregruppa.

Tone Otterlei og Maria Steimler deltok i 8. mars-komiteen. Tone Otterlei var med i 1. mai-komiteen. I tillegg har våre medlemmar vore sterkt delaktige i Palestinakomiteen sitt arbeid.

Stortingsvalkamp

Sunnfjord SV arrangerte planleggingsmøte før sommarferien. Lokallaget var også vertskap for valkampkonferanse for heile nordfylket i Førde i juni.

Før valkampen starta hadde styret ei ringerunde for å mobilisere medlemmar. Då var ei rekke aktivitetar allereie bestemt, slik at ein kunne melde folk på direkte. Det vart sendt ut e-post der dei som ikkje tok telefonen, eller som ikkje ville bli oppringt, kunne svare på ei spørjeundersøking. Vi rakk ikkje rundt til alle medlemmane, men vi fekk likevel god respons og fleire som kunne bidra med å stå på stand, lage svelerøre, køyre valkampbrosjyrer, stille på debatt, delta i nettaksjonar, med meir. Styret vil anbefale å halde fram med slike mobiliseringskampanjar for større deltaking.

Vi hadde litt lite folk til å dekke heile kommunen skikkeleg på stand. Det vart gjort ei strategisk vurdering om at vi skulle ha folk i Førde kvar helg, men også vere til stades på Sande, Vassenden og Naustdal minst ein laurdag i løpet av valkampen. Dette fekk vi til, men vi var for tynt bemanna særleg på Sande og i Naustdal. Her bør vi søke betre fordeling neste gong. I neste valkamp, som er kommuneval, bør vi også vere meir til stades utanfor Førde.

Sunnfjord SV arrangerte gatefest der vi fekk besøk av både Hege Lothe og Kirsti Bergstø. Vêret var ikkje heilt på lag, men det var ganske bra oppmøte av folk og god stemning. Vi hadde samtalar frå scena med Naturvernforbundet, Palestinakomiteen og Utdanningsforbundet om viktige tema.

Åsmund Berthelsen deltok i fleire lokale debattar, og måtte steppe inn under Firda sin debatt på Larris då Hege Lothe var sjuk.

Synlegheit

SV har vore svært synlege med mange mediesaker knytt til skule- og barnehagesaker. SV sitt standpunkt har blitt lagt merke til og fått brei støtte. Saka har vore viktig for fleire av dei som har meldt seg inn i løpet av året, men også hausten 2024. SV har også markert seg godt på saker om vindkraft, vasskraft ved Selsvatnet og avløpsskandalen.

Innstilling: Årsmøtet tek årsmeldinga til vitande.

4. Årsmelding frå kommunestyregruppa 2025

v/ Åsmund Berthelsen, gruppeleiar

Om gruppa og arbeidet



Dei fem som møtte på siste kommunestyremøte i 2025, frå venstre Eldrid, Per Magne, Silja, Magne og Åsmund

Faste medlemmer i kommunestyret og utval:

1. Åsmund Berthelsen (gruppeleiar), medlem i formannskapet og administrasjonsutvalet.
2. Magne Aardal, leiar i utvalet for helse og omsorg og 3. vara til formannskapet
3. Eldrid Skudal, medlem i utvalet for næring og miljø og 1. vara til formannskapet.
4. Tamara Lien Nøtseth, medlem i utvalet for helse og omsorg og 2. vara til formannskapet.
5. Silja Juklestad, medlem i utvalet for oppvekst og kultur

Varamedlemmer i kommunestyret og utval:

1. vara Per Mange Bell, leiar i kontrollutvalet
2. vara Ole Erik Thingnes, 1. vara i utvalet for næring og miljø
3. vara Liv Jorunn Sellevold, medlem i utvalet for oppvekst og kultur
4. vara Hilde Hegrenes, 2. vara i utvalet for oppvekst og kultur
5. vara Helge Schei

6. vara Kjersti Følling Slettemark, 3.vara i utvalet for oppvekst og kultur
7. vara Ludvik Slettehaug, 1.vara i utval for helse og omsorg
8. vara Liv Jorunn Seljevoll, 2.vara i utval for næring og miljø og 2.vara til styret i Sunnfjord utvikling.

Åsmund hadde permisjon frå sine verv på grunn av høgt arbeidspress frå 1.april til slutten av juni. Tamara Lien Nøtseth har også hatt permisjon

Kommunestyregruppa har vanlegvis digitalt møte kvar måndag kveld for å drøfte saker som skal i formannskapet, i utvala eller kommunestyret. Til møta vert også fleire vara kalla inn og leiaren i styret i lokallaget. Gruppa invierer også nokre gonger alle medlemmer til møta og då har det vore viktige saker som kvalitet og kapasitet i barnehage og skule og økonomi.

Medlemmene i gruppa har markert seg bra i både kommunestyremøta og i utvala. SV-gruppa kjem ofte med alternative forslag både i utvala/formannskapet og i utvala – og er vel i røynda det einaste opposisjonspartiet til partia som står bak ordførar/varaordførar. Det varierer litt om vi vert invitert inn til å vere med å utforme fellesframlegg i framkant av møta i utvala/formannskap og kommunestyret. Særleg i sakene om kvalitet og kapasitet i barnehage og skule har SV stått for eit alternativ syn. Og i dei sakene kjenner vi på at vi har det store fleirtalet av folk i kommunen med oss! Meir om innhald i sakene seinare i meldinga. I samband med dei nemnde sakene har Sunnfjord SV fått fleire nye medlemmer – og aktive medlemmer som kan barnehage og skule. Det har betydd mykje for utforminga av forslaga våre – og for å få ut våre synspunkt.

Politikken og dei viktigaste sakene

Då kommuneøkonomien knela

Sunnfjord kommune gjekk i 2024 med eit underskot på 135 millionar kroner som var 5,5 prosent av driftsinntektene. Med det var det meste av fondsmidlar brukt opp. Brått var det slutt på «dei gode tidene» med overskot eller balanse i drifta. Kommunen nærmar seg ROBEK-lista. Årsakene til underskotet i 2024 er eit stort meirforbruk. Mest på pleie og omsorg. Det små stillast spørsmål om budsjettet er direkte underbudsjettering av den reelle drifta det er lagt opp til. I tillegg vart det lågare inntekter enn rekna med både skatt og integreringstilskot. Netto finanskostnader vart også høgare enn rekna med. Noko som delvis skuldast renteauke.

Førebels prognose for 2025 frå oktober syner også eit underskot på 42 million kroner. Det er gjort vedtak om innsparingar/omstillingar på til saman 175 – 180 million kroner fram mot 2028 – 2030 for å få balanse i drifta og rom til å investere i større prosjekt som utbygging av Førde omsorgssenter. Førebels er det berre skule og barnehage der det er gjort konkrete vedtak om innsparing. Bakgrunnen for omstillingene er at det vert relativt fleire eldre og færre born i framtida. Det er lagt opp til liten folkevekst i kommunen.

SV har i hovudsak vore med på planane for omstilling og innsparing, men var svært ueinig i ein del av vedtaka på barnehage og skule. SV meinte heilt klart at det var feil å investere i ombygging av skular. Og planlegge for to store barnehagar og nedlegging av små i framtida. Med rentenivå og konsekvensar med nedlegging av skular og barnehagar. Når ein skal spare er det siste ein skal gjere å investere, særleg i ei tid med høge renter. SV meinte at ein

i staden for å investere burde selje Hafstad vgs. . Det ville gjeve ei tryggare innsparing. Når ein er i ein vanskeleg situasjon må ein også vurdere potensiale for inntekt. Kommunen kan då auke eigedomsskatten for å få inn ekstra inntekter. Det gjorde SV og MDG i samband med budsjettet. Med det kunne vi redusere salderingskravet på pleie og omsorg. SV var også ivreg med på å spare eit ekstra salderingstiltak på skule med bruk av dei ekstra midlane SV var med å forhandle fram om statsbudsjettet for 2026.

SV ville i tillegg redusere godtgjerslene til politikarane for å vise at ein også ville ta i eit lite tak for økonomien. Det var det ikkje stemning for, men vi fekk til at utgiftene til møte skulle reduserast og ein gjennomgang av både arbeidsvilkåra for folkevalde og anna reglement i god tid før komande kommuneval.

Kapasitet og økonomi – ikkje kvalitet

Det vart gjennomført felles høyringar på framlegga om kapasitet og kvalitet i barnehage og skule, med bra, delvis stort frammøte. Det kom klåre meiningsytringar frå både foreldre og andre innbyggjarar. Men mykje vart som forslaget la opp til for skule, med nedlegging/flytting av Førde barneskule til Førde ungdomsskule, felles ungdomsskule med ombygging av Hafstad vgs, nedlegging/flytting av Flatene skule til Halbrend og flytting av ungdomstrinnet ved Vassenden. Viksdalen skal til Sande i 2029. Elles vert kombinert barnehage i Holsen og skulane i Naustdal, Sande, Bygstad, Skei og Sunde vert oppretthaldne som no.

Dei to grunnleggande vedtaka som vart gjort tre år før høyringsrunden om bruk av tomte til Førde barneskule til omsorgssenter og å bygge om Hafstad vgs til felles ungdomsskule i Førdefor vart ståande. Då sa på ein måte resten seg sjølv. Og høyringsrunden på det som skulle skje i Førde sentrum hadde liten verdi.

Hausten 2025 vart vedtaket på skule følgd opp i ein hasteprosess. Med ei veke eller to i mellom vart kostnadene med ombygging av Hafstad redusert til det halve – og prosessen med endringane i Førde vart kopla saman med utbygging av Sande skule – som alle var for. Det vart kalla inn til ekstraordinært kommunestyremøte med fjorten dagars varsel. FAU ved fleire skular protesterte og kom med grunngevrne fråsegner på manglande medverknad og dårleg vurdering av barnas beste. Fleirtalet i kommunestyret tok ikkje dette inn over seg og køyrde alt saman gjennom. Fire i SV-gruppa sende lovlegkontroll der hovudpunkta var manglande medverknad frå elevar/foreldre og tilsette og ei overflatisk og lite konkret vurdering av bornas beste. Det vart også peika på feil i høve reglement for utsending av saker til medverknadsorgan. Fleirtalet i kommunestyret meinte at saka var handsama i tråd med lover og reglement og sende saka over til statsforvaltaren som skal stå for lovlegkontrollen. Fleire av FAU ved skulane har sendt oppmoding til statsforvaltaren om lovlegkontroll.

Saka om kvalitet og kapasitet i barnehage har ikkje fått same merksemd. I mars vart det gjort vedtak om nedlegging av to barnehagar, Tusenfryd og Haugum. SV røysta for den fyrste, men ikkje den andre. Det vert no vurdert tilstanden ved eit par andre barnehagar, Vieåasen og Hatlehaugen. Og det vert vurdert å bygge ny, stor barnehage på Slåtten og å bruke Flatene skule til barnehage for Halbrend/Hafstad- område. Om det vert ein realitet har ein forlete eit av måla i samfunspanen om ein «saumlaus kvardag». Det vil vert meir køyring av born til og frå – og kvardagen vert vanskelegare å få til å gå opp for småbarnsforeldre.

Konklusjonen for både barnehage og skule er at det er lagt stor vekt på kapasitet og økonomi og ikkje kvalitet som er svært overflatisk vurdert både for barnehage og skule.

Nytt omsorgssenter i Førde

Fleirtalet i kommunestyret gjorde hausten 2024 vedtak om å bygge nytt omsorgssenter på barneskuletomta i Førde, med plass til 70 brukarar. Planen for oppstart var 2027, noko som òg betydde at Førde barneskule då måtte vere riven. Dette vedtaket fekk såleis også konsekvensar for skulestrukturen i Førde.

Ingen i SV gruppa visste at Førde bystyre i 2017 gjorde vedtak om ein såkalla Moglegheitstudie, der ein skulle bygge nytt omsorgssenter i tilknyting til eksisterande sjukeheim. Etter sterkt press frå SV i Helse og omsorgsutvalet gjorde formannskapet vedtak om at denne planen frå 2017 skulle utgreiast som eit alternativ til barneskuletomta. Link arkitektar vart hyra inn til å lage eit utkast til nybygg i tilknyting til eksisterande sjukeheim. Dette førebelse utkastet vart presentert hausten 2025, saman med eit utkast til bygging på barneskuletomta. Merkeleg nok var estimert pris på begge forslaga 450 million kroner.

Endeleg forslag til nytt omsorgssenter skal leggjast fram i løpet av vinteren 2026, og vedtak skal gjerast før sommaren. SV vil vurdere grundig begge forslaga når dei kjem, også med omsyn til totalpris, utforming og effektiv drift.

Ugyldige løyve til dumping i Førdefjorden

12.august i år kom Borgarting lagmannsrett med ein klar og samrøystes dom om at både utsleppsløyva og driftsløyva til Nordic Mining på Engebø var ugyldige. Regjeringsadvokaten har anka til Høgsterett som skal saka opp i slutten av april/byrjinga av mai månad. Naturvernorganisasjonane fremja sak om mellombels stopp i dumpinga etter dommen i lagmannsretten. Sogn og Fjordane tingrett sa nei til stopp og saka er anka til Gulating lagmannsrett. Naturvernorganisasjonane vart dømde til å betale halvparten av sakskostnadane til Nordic Mining i tingretten. Tingretten sa at det var mest truleg at Høgsterett ville fylgje lagmannsretten, men at det ikkje vere så stor skade av dumpinga fram til Høgsterett hadde saka. Åsmund er aktivt med i gruppa Leve Førdefjorden som følgjer saka og rettssakene tett i lag med Naturvernforbundet nasjonalt og i Sogn og Fjordane.

Det er mykje snakk om at det er mange arbeidsplassar på Engebø etter kvart, ein stad mellom 100 og 150 arbeider der. Og dette vert brukt som argument for at dei må få halde fram med å dumpe. I dommen i lagmannsretten vert det slege fast at det er selskapet fullt og heilt som har valt å starte opp, vel vitande om at det vart rettssak.

Vindkraftinitiativ vart trekt

Det vart i fyrste omgang ikkje noko av planane om vindkraftverk på Sunnfjord-sida i Snøheiaområdet. Kommunestyremøte som skulle handsame planinitiativet frå Eviny og Fred Olsen i starten på januar, vart avlyst då selskapa trekte initiativet rett før. Grunnen var at media hadde funne at det var eit tverrpolitisk fleirtal som ville seie nei til planinitiativet. Taktiske vurderingar i selskapa gjorde at dei ville unngå eit nederlag og heller kome att på eit seinare tidspunkt. SV meinte at møtet burde vore halde, og saka handsama. Høyanger sa ja med knapt fleirtal. Saka vil nok dukke opp att også i Sunnfjord kommune. Truleg vil motstanden halde seg og verte endå sterkare.

Og gondol er det nokre få som er for...

Dei kan ikkje - og må ikkje få lov til å bygge gondol opp til Tverrfjellet og heilt inn til grensa av Jostedalsbreen, var gruppeleiar i SV sin konklusjon i eit lesarinnlegg om planane om

gondol i Kjøsnestfjorden. Planen var på høyring i fyrste halvår, og det kom inn ei rad høyringsfråsegner som var mot planane. Og eit fåtal fråsegner som støtta planane. I tillegg sende både Statens Vegvesen, NVE, Vestland fylkeskommune og ikkje minst Statsforvaltaren i Vestland. Alle høyringane og dei alvorlege motsegnene var grunnlaget for konklusjonen om å la det vere med det, og ikkje bruke meir tid på dette. Og så langt har det skjedd lite. Politikarane har ikkje fått noko på bordet etter at fristen for høyringar gjekk ut tidleg i juni månad.

Næringsarbeid og Sunnfjord utvikling

Kommunestyret gjorde i sist møte vedtak om å selje seg ned i Sunnfjord utvikling "Sunnfjord kommune eig i dag 54 prosent av aksjane i Sunnfjord Utvikling AS (SU). I eigarstrategien for selskapet er det lagt til grunn at næringslivet skal ha fleirtal i eigarskapen. Dette vil styrkje selskapet si rolle som næringsutviklar og gi betre tilgang til eksterne støtteordningar og samarbeidspartnarar. Når kommunen reduserer eigardelen til under 50 prosent, vil SU ikkje lenger vere rekna som offentleg majoritetseigd. Dette opnar for at selskapet kan søke om fleire offentlege verkemiddel og finansieringskjelder enn i dag. Endring i eigarstruktur gir grunnlag for å sjå på organiseringa av næringsarbeidet i kommunen på nytt, men det er framleis viktig å ha eit sterkt og sjølvstendig næringsselskap som kan hente inn kapital frå både offentlege og private kjelder."

SV støtter intensjonen om å kunne vere søkjar i høve ulike ordningar. SV er opptatt av at det andre punktet om at det er viktig å sjå på organiseringa av kommunen sitt næringsarbeid. Det er politikarane som skal bestemme rammene og ikkje eit selskap der næringslivet har fleirtal. Difor bør kommunen ha kompetanse på arbeid med næringsutvikling og i framtida stå for arbeidet med til dømes næringsplanen. SV er opptatt av at det er mogleg for politikarane å medverke tydeleg til utviklinga av ein god næringskommune og eit godt arbeid med feltet.

«Avløps-skandalen»

Avløpssaka rullar vidare. Sunnfjord kommune har rettleia/ pålagt eit ukjent tal personar eit unødvendig dyrt avløpssystem. På førespurnad frå kommunen var det 24 grunneigarar som laga oppsett på kor mykje dei hadde brukt på avløpsanlegga sine. Det var anlegg som var bygde etter kommunesamanslåinga. Kommunen brukte desse dokumenta som grunnlag for å sende sakene over til Gjensidig forsikring. Spørsmålet var om kommunen sine forsikringar kunne dekkje heile eller delar av desse summene. Til saman om lag 6.4 millionar.

Gjensidige avslo alt med grunngjeving om at kommunen stod heilt fritt i å setje krav til type og storleik avløp.

Ove Farsund Ap tok saka til kommunestyret der målet var at kommunen burde ta initiativ til ei minneleg løysing med anleggseigarane. SV støtta dette. Fleirtalet sende saka attende til administrasjonen for meir utgreiing, for så å kome attende til formannskapet. SV håpar på ei god og minneleg ordning raskt over i nyåret.

Kva med Naustdal – Førde - og vegen utover til Vevring?

Av riksvegar som ordføraren har prioritert er E39 Hafstadfjell-tunnelen. Det har vore mindre snakk om den svært rasutsette v5 mellom Naustdal og Førde , og fv611 utover til Vevring. Dette er ei sak Åsmund tok opp i fylkestinget i desember 2025. Denne vegen er både smal, svingete og utsett for ras. Det er no lova at det skal gjerast ein del strakstiltak på ein veg som burde vore rusta opp før dei fekk lov å gjere noko som helst ute på Engebø. Men i den

saka vart det ikkje stilt rekkefølgjekrav som er vanleg i slike saker. Nordic Mining har endeleg betalt inn 10 av dei 40 millionane dei lova til å utbetre vegen. Fylkeskommunen skal også inn med 10 millionar, av dei 90 som fylket har gjort avtale med kommunen om lova.

Arbeid i utvala

Utvalet for helse og omsorg v/Magne Aardal, leiar i utvalet

SV har to representantar i utvalet: Tamara Nøtseth og Magne Aardal (leiar). 2025 har på mange måtar vore eit utfordrande år, med store økonomiske utfordringar, i pleie og omsorgssektoren, men òg i sosialektoren. Dei store overskridingane i omsorgssektoren fører til store innsparingskrav. For 2026 betyr det ein reduksjon på 34 mill, der eit av krava er at 30 årsverk skal vekk, i ei tid då det vert stadig fleire eldre, fleire pleietrengande og fleire demente. Ikkje berre vert dette ei utfordring for brukarar, pårørande og dei tilsette, men det vil òg verte vanskeleg å rekruttere fagfolk.

Utvalet har elles besøkt alle omsorgssentera i kommunen, noko som vi meiner er viktig for å forstå korleis dei ulike omsorgssentera fungerer, og kva utfordringar dei har.

Elles konstaterer vi at Statsforvaltaren har avslutta tilsynet ved Førde omsorgssenter, det tok si tid, som i hovudsak skuldast manglande kapasitet hos Statsforvaltaren. Vi konstaterer også at den tilsette ved Førde omsorgssenter som gjekk til sak mot kommunen, har trekt saka for Lagmannsretten og at det er inngått eit forlik.

Mitt inntrykk er at det vert arbeidd godt i denne sektoren, både i administrasjonen og ute i tenestene.

Utvalet har elles henta inn ulike personar for å få meir informasjon og kunnskap i ulike saker og område. Arbeidet i utvalet er godt, mange gode diskusjonar, og ein god tone medlemmane imellom.

Utvalet for næring og miljø v/Eldrid Skudal, medlem i utvalet

Utvalet har hatt 10 møter i 2025. Det har vore ei god stemning i møta, litt uenighet i saker som gjeld jordvern, klima, miljø mm., men vi har og fått til samlande vedtak og funne gode løysingar på tvers av partigrensene.

Det er semje om at kommunen må prioritere vedlikehald av bygg og vegar, og å stette krava til brannberedskap som no syner litt for store manglar, mellom anna kursing og ny brannstasjon i Førde.

Kommunen ligg dårleg an på mykje av det som handlar om klima, natur, og m.a. nedbygging av matjord. SV må vere støttespelar for dei bøndene som framleis driv, og støtte nye å komme til. Vi har laga ein flott landbruksplan. Den må kome i bruk, kommunen må og støtte utviklinga av eit endå meir berekraftig landbruk.

SV ynskte å ikkje bytte ut granulatet på kunstgrasbanene med ny gummigranulat. Når ein fyrst skulle men renovere den burde kommunen brukt noko meir berekraftig. SV har så langt ikkje fått medhald i det.

Det er no 15 år sidan den dramatiske og i etterkant tragiske brannen på Sande. Vi har fått ei kjapp orientering om saka i utvalet men eg lurar no på kva som skjer vidare? i Firda les vi: "Statsforvaltaren har pålagt Sunnfjord kommune å rydde opp i PFOS-ureininga på bensinstasjonstomta i Sande sentrum. Tomta skal vere rydda innan juni neste år." SV har utfordra kommunen og meiner vi bør legge kostnaden inn i budsjettet og heller ta kampen om kven som betaler etter at oppreinskinga er gjennomført. Verdien av Pfos er framleis høg. Kommunen kan ikkje håpe det går over av seg sjølv.

Vi hadde ein flott omvising og orientering ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Førde. Det er viktig at ein skal begynne å utdanne legar i Førde!

Utvalet for oppvekst og kultur v/Liv Jorunn Sellevold, medlem i utvalet

Det var 11 møter i Utval for oppvekst og kultur i 2025, Silja Juklestad og Liv Jorunn Sellevold har vert fast møtande for SV, vi har fått til nokre besøk på ulike einingar gjennom året. Det er veldig fint å få lov å sjå dei ulike einingane vi har saker kring, og det fører og til meir dialog mellom medlemmane i utvalet. I utvalet har det i 2025 vore mykje om kvalitet og kapasitet i Sunnfjord-skulen og strukturendringane. Her har SV hatt eit anna syn enn fleirtalet, og vi har stilt mykje spørsmål og freista å få saka godt greia ut. Vi har ikkje nådd fram med vårt syn, men vi opplever likevel at det er viktig vi er der og får stilt gode spørsmål og jobbe for at elevane skal verte høyrte, og at det skal vere ein god skule for både elevar og tilsette framover også, vi er glad for engasjement og at vi får gode spørsmål også frå andre til å ta inn i utvalet. Vi vil fortsette å stille spørsmål og prøve å påverke positivt der vi kan i dei endringane som skjer.

Når det gjeld barnehage, har sak om kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen vore viktig, vi har vore opptekne av bemanning, arealnorm og at barnehagane skal ligge nær skulekrins. Vi har fremma eit syn om at vi ønskjer å bevare ein barnehagestruktur med små einingar spreidd, heller enn store barnehagar. Denne saka vil vere viktig inn i 2026. Vi ønskjer ikkje storbarnehage på Flatene.

Kultur har kome litt i skuggen av dei store sakene om skule og barnehage, men vi har fått mange orienteringar og fleire saker. Vi i utvalet fekk komme på besøk på Astruptunet og fekk sjå alt ein har fått til der. Vi fekk også komme å sjå kva ein har fått til med ny ungdomsklubb på Førdehuset og høyrte om ungdomsklubb i Naustdal og på Vassenden. Ungdommane nyttar tilboda, og det er godt oppmøte. Her skulle dei gjerne fått meir pengar, men det er imponerende å sjå innsatsen som vert lagt inn med dei små midlane ungdomsklubb fekk i budsjettet å søke på. SV var ein av pådrivarane for at ungdomsklubbane skulle få noko midlar, men vi ville eigentleg at dei skulle få meir og til drift. Også i kultur merkar dei innsparingar og både bibliotek, kulturskule, ungdomsklubb og ulike idrettshallar merkar den dårelge økonomien. Det vert viktig i trong kommuneøkonomi at kultur ikkje vert for hardt råka av innsparing, gode varierte kulturtilbod for alle aldrar er viktig, kanskje spesielt i trange tider.

Oppsummering

SV-gruppa gjer seg sterkt gjeldane i alle utvala, formannskapet og kommunestyret! Vi får ein del gjennomslag og er med på kompromiss. Men i ein del viktige saker er det viktig å følge det vi meiner tener innbyggjarar og natur best, ikkje minst ungane og elevane i barnehage og skule. Gruppa er overtydd om at det er viktig å stå fast på det ein meiner er rett. Vi trur at det også vil påverke det som skal skje i rett retning når vedtak skal settast ut i livet.

Gruppa jobbar ikkje åleine. Vi har fått meir og meir vektige innspel frå andre - og laget har fått med fleire medlemmer som har både viktig kunnskap og engasjement. Det lovar godt for arbeidet i 2026 - og tida fram til komande kommuneval - hausten 2027!

Innstilling: Årsmøtet tek årsmeldinga til vitande.

5. Rekneskap 2025 og budsjett for 2026

Vi har eit overskott på 2500 kroner i 2025. Rekneskap og forslag til budsjett vert lagt fram på årsmøtet.

6. Arbeidsplan for 2026

Det vert lagt opp til ei økt med arbeidsplan på årsmøtet. Teksten som ligg her er berre eit utgangspunkt.

Det er ikkje valår i 2027. Hovudfokus bør etter styret sitt skjønn ligge på medlemsvekst, organisasjonsbygging og førebuing til kommunevalsåret. Styret har forslag om at følgande tre målsettingar med tilhøyrande aktivitetar bør vere med:

Kva?	Kvifor	Korleis?
Medlemsvekst. Mål om 90 medlemmar i løpet av 2025.	Større medlemsmasse gir: • større innflytelse i partiet • fleire å rekruttere til verv • fleire å mobilisere frå til aktivitetar • fleire å hente innspel frå til god politikk • kjensle av støtte for folkevalde og andre i tillitsverv	• Vervekampanjar • System for å verve i samband med arrangement • Aktivt invitere inn folk som ein er i kontakt med om politiske tema
Skape møteplassar. Mål: Dekke fleire ulike tema og få fleire til å møte opp.	• Auka kunnskap • Moglegheit for politikkutvikling • Fellesskap og tilhøyrighet • Høve til rekruttering av nye medlemmar	• Arrangere "Politikk på ein onsdag" åtte gonger med ulike tema • Delta aktivt under 1. mai, 8. mars, Pride og avnde arrangement og

		aksjonar • Oppmode til deltaking i opne gruppemøte • Arrangere sommarfest for medlemmar
Utvikle politikk for neste kommunestyreperiode i fellesskap. Mål: Eit solid utgangspunkt for valkampen 2027.	• Førebu og spisse budskap for valkampen • Brei forankring med deltaking frå mange medlemmar	• Programverkstad • Ringerunde • Spørjeskjema • Programnemnda inbleiar prosessen

7. Innkomne forslag til uttalar

7.1 Støtt kommuneopprøret!

Sunnfjord SV inviterer dei andre politiske partia i Sunnfjord kommune til å stille seg bak det ulmande kommuneopprøret. Sunnfjord kommune er, som dei fleste andre kommunar i landet, grovt underfinansiert. Nødvendig vedlikehaldsarbeid vert stoppa og det er ikkje rom for nødvendige investeringar. Det vert kutta i bemanning, struktur og tenestetilbod langt utover det som er forsvarleg med tanke på kvalitet i lovpålagde oppgåver.

Forslagsstillar: Styret i Sunnfjord SV

Innstilling: Uttalen vert vedtatt og sendt til andre politiske parti og media. Styret får fullmakt til å bygge ut teksten ved behov.

8. Val av utsendingar og vara til fylkesårsmøtet 2026 (7.-8. februar)

Sunnfjord SV skal velje 3 utsendingar og 1 vara. Vara kan får reise som observatør. Forslag på utsendingar kjem på årsmøtet. Meld gjerne frå til frode.grimelid@pm.me om du kan tenke deg å stille.

9. Val av representant i 1.mai komitéen og 8. mars komitéen

Forslag kjem på årsmøtet. Meld gjerne frå til frode.grimelid@pm.me om du kan tenke deg å stille.

10. Val av styre, revisorar, valnemnd, nominasjonsnemnd og programnemnd

Innstilling frå valnemnda på nytt styre i Sunnfjord SV

Leiar: Eldrid Skudal, valt for 1 år
Nestleiar: Åsmund Berthelsen, ikkje på val
Kasserar: Tamara Nøtseth, ikkje på val
Styremedlem: Maria Steimler, ikkje på val
Styremedlem: Frode Grimelid, valt for 2 år
Styremedlem: Sigbjørn Løland Torpe, valt for 2 år
Vara 1: Kjersti Følling Slettemark, ikkje på val
Vara 2: Thorbjørn Mostrøm, valt for 2 år

Revisorar:

Einar Gautefall, ikkje på val
Bjørn Heggheim, ikkje på val

Forslag frå styret på valnemnd og nominasjonsnemnd:

Magne Aardal (leiar), valt for 1 år
Åsmund Berthelsen, valt for 2 år
Silje Katrine Vangsnes, valt for 2 år

Programnemnd

Vert føreslått på årsmøtet. Meld gjerne frå til frode.grimelid@pm.me om du kan tenke deg å stille.